




FYLKESMANNEN I MØRE OG ROMSDAL

HANLINGSPROGRAM FOR FRILUFTSLIVET I MØRE OG ROMSDAL

1987 - 1996



MILJØVERNAVDELINGA
Fylkeshusa Tlf. (072) 58 000
6400 MOLDE

Rapport nr. 6 - 1986

HANLINGSPROGRAM FOR FRILUFTSLIVET - MØRE OG ROMSDAL FYLKE

1987 - 1996

FYLKESMANNEN I MØRE OG ROMSDAL - MILJØVERNADDELINGA

INNHOLDSFORTEGNELSE

<u>Seksjon</u>	<u>Side</u>
1. INNLEIING	3
2. KLASIFISERING AV FRILUFTSOMRÅDE	4
3. ORGANISERING AV DET OFFENTLEGE FRILUFTSLIVSARBEIDET	4
4. VIRKEMIDDEL I DET OFFENTLEGE FRILUFTSLIVSARBEIDET	6
4.1 LOVGRUNNLAGET	6
4.2 ØKONOMISKE TILSKOTTSORDNINGAR	7
4.3 AREALPLANLEGGINGEN	7
5. SITUASJONEN FOR FRILUFTSLIVET I MØRE OG ROMSDAL	8
6. HANDLINGSPROGRAM FOR FRILUFTSLIVET FOR MØRE OG ROMSDAL	14
6.1 FORUTSETNINGER FOR PRIORITERING OG KOSTNADSRAMMER	14
6.2 HANDLINGSPROGRAM FOR FRILUFTSLIVET	17
6.3 KOMMUNEVIS OVERSIKT OVER PRIORITERTE TILTAK	25
7. LITTERATUR	33

1. INNLEIING

Med dei overveiande positive konsekvensane friluftslivet har, er det ønskeleg å ta vare på og utvikle vidare friluftslivet som ein verdfull del av det norske livsmønsteret. Det gjeld både dei formene for friluftsliv der hovudvekta ligg på den fysiske aktiviteten, og som kanskje har den største helsemessige tydinga, og dei formene der naturoppleving og opphold i fri natur er det viktigaste. Særleg verdfullt er det friluftslivet som sameiner begge desse formåla.

Det er eit hovudmål å stimulere så mange som mogleg til å drive eit helse- og trivselsfremmende friluftsliv som ikkje fører til uønska slitasje og skade på naturen, og ta vare på og utvikle dei arealmessige førestnadene for dette.

Friluftsarbeidet bør derfor fremme:

- Friluftsliv for alle
- Friluftsliv i nærmiljøet
- Friluftsliv i harmoni med naturen

Friluftsliv for alle inneber for det første å oppretthalde friluftsliv som ein sentral del av livsmønsteret hos den vanlege nordmann, og for det andre å leggje tilrette for auka friluftslivsaktivitet blant dei av folket som i dag driv lite friluftsliv som eldre, funksjonshemma og personar med låg inntekt.

Friluftsliv i harmoni med naturen inneber å stimulere dei aktivitetane som gir lite slitasje på naturen, og som gjer sitt til å auke forståinga av kor viktig det er å ta vare på naturverdiane.

Det er viktig å prioritere det enkle friluftslivet i nær kontakt med naturen og med små krav til fysisk tilrettelegging og personleg utstyr.

Den allmenne rett til fri ferdsel er ein grunnleggjande førestnad for friluftslivet slik det har utvikla seg i Norge. Det er vesentleg at denne retten blir oppretthalden.

Hovudoppgaven for det offentlege med å ta vare på friluftsinteressene i arealdisponeringa blir derfor:

1. Å søkje å unngå at område blir omdisponert slik at retten til fri ferdsel fell bort eller blir redusert, og hindre at opplevingskvalitetane i områda blir redusert.
2. Å sikre ved kjøp eller servituttavtale område for friluftsliv der ferdsel og/eller trøng for opparbeiding gjer det naudsynt med spesiell heimel for utøving av friluftsliv og opparbeidingstiltak.

2. KLASSEFISERING AV FRILUFTSOMRÅDE

Friluftsområde vert gjerne klassifisert etter bruksformål og etter kven som bruker områda.

Inndeling etter bruksformål:

1. Badeområde - område for bading og soling, og dels også område for utfart langs kysten.
2. Båtutfartsområde - Utfartsområde for småbåtar med tilhøyrande hamner, islandsstigningsstader og serviceanlegg.
3. Turområde - område for turgåing sommar og vinter og for bærplukking, jakt og fiske og naturoppleving. Omfattar og nærturområde ved dei større tettstadene og utfartsområde av ulike slag.
4. Naturområde - store, samanhengande naturområde som er særleg viktige for friluftslivet i nasjonal samanheng.

Inndeling etter kven som bruker områda:

1. Lokale område - området som i stor grad berre nyttast av kommunen sine eigne innbyggjarar.
2. Regionale område - område som blir nytta av folk fra to eller fleire kommunar.

Denne inndelinga er vesentleg når det gjeld fordelinga av statlege midler til friluftsformål. Ein legg opp til at den praksis som har vore nytta til no skal halde fram. Det inneber at staten dekkjer alle utgiftene til sikring og opparbeiding av regionale område. For sikring og opparbeiding av lokale område dekkjer staten inntil 50 %. Når det gjeld drift og vedlikehald i friluftsområde er det framleis å rekne som ei kommunal oppgåve. For nærra omtale viser ein til dei årlege rundskriva fra Miljøverndepartementet om sikring og opparbeiding av friluftsområde.

3. ORGANISERING AV DET OFFENTLEGE FRILUFTSLIVSARBEIDET

STATLEG NIVA

Det politiske ansvar for friluftspolitikken ligg hos Storting og regjering. Friluftslivsarbeidet må ha si forankring i politiske mål og retningslinjer fra sentrale politiske styresmakter. Dette ansvaret ligg hos Miljøverndepartementet. Den overordna politiske styringa skjer gjennom lovverk, utarbeiding av forskrifter og rundskriv samt generell informasjonsverksemd.

Hausten 1985 fekk vi det nyoppredda Direktoratet for naturforvaltning. På Direktoratet er det eit eige kontor for friluftsaker som skal handsame oppgåver som sikring og forvaltning av friluftsområde, fordele statlege tilskot til friluftsformål og arbeide med å ta vare på friluftsinteressene i arealplanleggingen.

Statens Friluftsråd skal gi miljøverndepartementet råd i store og/eller prinsipielle saker. Rådet er oppnemnt av Kongen og skal arbeide for fremming og utvikling av friluftslivet i heile landet.

FYLKESNIVA

Det er Fylkesmannen ved Miljøvernnavdelinga som har ansvaret for den statlege friluftslivspolitikken på fylkesnivå. Miljøvernnavdelinga ligg under Miljøverndepartementet.

Den politiske forankringa av friluftslivssakene på fylkesnivå ligg hos fylkesfriluftsnemnda. Nemnda er valgt av fylkestingen, og er eit fylkeskommunalt organ. Likevel ligg sekretariatet i mange fylke, også i Møre og Romsdal, hos Miljøvernnavdelinga. Denne ordninga er under ständig debatt, og ein rekner med at det i samband med den varsla stortingsmeldinga om friluftslivet vil kome konkrete framlegg til endringar i organiseringa av friluftslivsarbeidet på fylkesnivå.

Fylkeskommunane har ansvaret for fylkesplanlegginga. Særleg verdfulle område for friluftsliv er ein viktig del av arealdden i fylkesplanen. I Møre og Romsdal har ein Hovudutvalet for Miljø- og plansaker som og handsamer endel friluftsspørsmål.

KOMMUNALT NIVA

Kommunane er det viktigaste operative nivå i friluftslivsarbeidet. Der blir dei fleste vedtaka som får følgjer for friluftslivet fatta. Friluftsnemnda har tradisjonelt vore det politiske organ som har handsama friluftssaker i kommunane. Etter innføringa av hovudutvalsstruktur i dei fleste kommunane er friluftsoppgåvene oftast lagt til teknisk utval eller kulturutvalet. Det er og stor skilnad mellom kommunane når det gjeld administrasjonen si handsaming av friluftssaker. Oftast er saksutgreiinga lagt til skogreisingsleiaren eller kultursekretæren. Endel saker blir handsama av teknisk etat. I nokre kommunar må jamvel formannen i friluftsnemnda sjøl greie ut sakene. Når det gjeld arealforvaltninga er kommuneplanleggjaren og formannskapet sentrale. Det er eit generelt problem at friluftsakene ikkje har noko fast tilknytning og organisering på kommunenivået.

INTERKOMMUNALE FRILUFTSRÅD

Fleire kommunar på Sunnmøre har saman med Vestnes kommune gått saman og danna Nordre Sunnmøre og Vestnes Friluftsråd. På den måten kan kommunane sjá seg råd til å ha ein person tilsett på heil tid for å arbeide med friluftssaker. Slike råd er det 10 av i Norge, og dei har ulike arbeidsoppgaver og -former. På Nordmøre er eit friluftsråd under etablering.

4. VIRKEMIDDEL I DET OFFENTLEGE FRILUFTSLIVSARBEIDET

4.1 LOVGRUNNLAGET

Det finst fleire lover som er viktige for friluftslivsinteresene.

LOV OM FRILUFTSLIV

Friluftslivslova lovfester allmenta sin rett til fri ferdsel i utmark. Denne retten er bygt på sedvane gjennom alle tider, og fekk i 1957 innpass i lovverket. Allemandsretten har imidlertid ikkje same rettsskydd som andre rettar, slik som t.d. grunneigarretten. Friluftsloven kan slik ikkje brukast til å hindre dyrking eller anna omdisponering av areal sjølv om dei er viktige for friluftslivet. Friluftsloven inneheld også retningslinene for Statens friluftsråd, fylkesfriluftsnemndene og dei kommunale friluftsnemndene.

BYGNINGSLOVA

Bygningslova fra 1965 gir m.a. heimel til å sikre særleg viktige område eksklusivt til friluftsformål gjennom reguleringsplan, og ved oversiktsplanlegging på fylkes- og generalplannivå.

Både til fylkesplan og til generalplan kan det knyttast vedtekter som hindrer omdisponering av område i strid med jord-, skog- og naturinteresser. Fylkesplanvedtekt er i Møre og Romsdal brukt i Trollheimen og Reinheimen for å sikre desse områda mot utbygging inntil spørsmål om vern etter naturvernlova blir avklara.

STRAND- OG FJELLPLANLOVA

Denne loven trådte i kraft i 1971 og har eit klart formål om å sikre friluftsinntekstene. Sentralt i denne lova er den såkalla 100-metersbeltebestemmelsen. Den inneber at det er byggeforbud inntil 100 meter fra sjø og vassdrag.

NY PLAN- OG BYGNINGSLOV

Denne lova trer i kraft fra 1.juni 1986. Fra same tid vil bygningslova og strand- og fjellplanlova bli oppheva.

Av nye paragrafer som er viktige for friluftslivet er adgangen til å gi rikspolitiske bestemmelser for område av nasjonal eller regional verdi for m.a. friluftslivet. Samtidig vil adgangen til å innføre fylkesplanvedtekt falle bort. Byggeforbuddet i 100- metersbeltet langs sjøen gjeld generelt med adgang for kommunane til å gjøre vedtak om at forbudet ikkje skal gjelde for deler av kommunen.

Et nytt innslag i kommuneplanlegginga er adgangen til kystsoneplanlegging ved å bruke reguleringsformål ut i sjøen så langt

dei passar.

MOTORFERDSELLOVA I UTMARK OG VASSDRAG

Formålet med denne loven fra 1977 er å regulere motorferdselen i utmark med sikte på å verne om naturmiljøet og fremme trivselen. Utgangspunktet er at motorferdsel er forbudt, men at kommunene kan gi forskrifter eller dispensasjonar som åpner for ferdsel.

NATURVERNLOVA

Naturvernlova fra 1970 har som formål å verne natur med spesiell kvalitet, mangfold og sær preg. Av stor verdi for friluftslivet er særlig adgangen til å legge ut område som nasjonalparkar og landskapsvernområde.

ANDRE LOVER

Andre lover som er viktige for friluftslivet er viltloven fra 1983, innlandsfiskeloven fra 1964, skogbruk- og skogvernloven fra 1965 og konsesjonsloven fra 1974.

4.2 ØKONOMISKE TILSKOTTSORDNINGAR

Kommunane kan søke om statlege midler til planlegging, sikring, opparbeiding og drift av friluftsområde. I Møre og Romsdal er disse midlene prøvd fordelt etter det gjeldande handlingsprogram for friluftslivet. Ellers er reglane for tilskot nærara gjort greie for i dei årlege rundskriva fra Miljøverndepartementet. Møre og Romsdal fylkeskommune er forutsatt å bidra med 25 % av kostnadene ved sikring og opparbeiding av lokale område.

Statens Ungdoms- og Idrettskontor (STUI) gir kvart år store tilskot som direkte eller indirekte gir gode resultat for friluftslivet. Kanskje dei viktigaste er tilskota til turistforeningene som bygger og driver turisthytter, merker og vedlikeholder et enormt løypenet i fjellet (nesten 1800 km i Møre og Romsdal!) og gjennom andre tiltak og informasjon gjør det lettere for folk å drive med friluftsliv. Enkelte av STUI's tilskot til idrettsanlegg kjem også friluftslivet tilgode.

4.3 AREALPLANLEGGINGEN

Arealplanlegging som virkemiddel for å fremme friluftsinteressen er nært knytta til bygningsloven, og fra 1. juni 1986 den nye plan- og bygningsloven. Det er oftast gjennom den kommunale arealplanlegginga at interessemotsetninger når det gjeld arealbruk skal avvegast.

5. SITUASJONEN FOR FRILUFTSLIVET I MØRE OG ROMSDAL

Det er etter måten god tilgang på friluftsareal i Møre og Romsdal Fylke, og tronga til turliv og naturopplevelingar kan i stor grad dekkast innafor fylket. Dei nasjonale friluftsinteressene i fylket er i særleg grad knytt til dei tre store helge- og ferieområda:

TROLLHEIMEN ligg mellom Surnadalsføret og Sunndalen og strekkjer seg inn i Sør-Trøndelag. Høge fjell og djupe dalar, rike skogsområde og isbrear, gjer dette fjellområdet særskilt attraktivt for fjellturisme. I vestlege delen ligg Innerdal landskapsvernområde, eit senter for fjellklatring i Norge. Det ligg til saman 6 turisthytter innafor fjellområdet fordelt med tre på kvar av fylka.

EIKESDAL - AURSJØOMRÅDET ligg mellom Romsdalen og Sunndalen, og inn mot Dovre i aust. Eikesdalen skjer gjennom området i nord-sør retning. Turistløypenettet er godt utbygd i heile fjellområdet med 6 turisthytter innafor fylket i austlege delen, og 4 i vestlege delen. I nabofylka Sør-Trøndelag og Oppland ligg enno fleire turisthytter i det same fjellområdet.

TAFJORDFJELLA - ROMSDALSFJELLA ligg mellom Romsdalen, Trollstigvegen og Strynefjellet. Innafor området og tilgrensande område i Oppland fylke finn ein det største areal kvalifisert villmark (område meir enn 5 km fra tekniske inngrep) utanom Hardangervidda i Sør-Norge. Villreinstamma er av dei viktigaste i landet, og området har stor variasjon i naturtypar fra innlandsområde i aust til dei alpine fjellformasjonene og fjordane i vest. Særleg i den vestlege delen er det eit godt utbygd turistløypenett og med 6 regulære turisthytter.

I Statens Naturvernråd sin nasjonalparkutredning arbeider ein med fire store verneområde i Møre og Romsdal:

Forslag om landskapsvernområde i TROLLHEIMEN vart fremma av eit eige utval i 1980. Forslaget er no til sluttbehandling i Miljøverndepartementet. Etter det største alternativet dreier det seg om eit areal på 1253 km^2 inkludert Innerdalen landskapsvernområde. 822 km^2 ligg i Møre og Romsdal. I dag gjeld det fylkesplanvedtekt for området.

Utviding av DOVREFJELL NASJONALPARK til å omfatte Sunndalsfjella har som dei andre områda i fylket fått høgste prioritet i arbeidet med nasjonalparkutredninga. Totalt omfattar utvidinga 895 km^2 , 535 km^2 ligg i Møre og Romsdal. Verneforslaget omfattar austlege delen av EIKESDAL - AURSJØOMRÅDET som er nemt ovafor. Avgrensing i vest er mot den regulerte Aursjøen.

I "REINHEIMEN" (NORD-OTTADALSONRÅDET/TAFJORDFJELLA) er det foreslått eit verneområde på 650 km^2 i Møre og Romsdal. Området er sikra gjennom fylkesplanvedtekt inntil spørsmål om kraftutbygging av Raumavassdraget og verneinteressene er avklart. I mai 1985 vart området etter forslag fra Miljøvernavdelinga utvida i nordvest og vest med 213 km^2 . Verneområdet dekker omlag det området som over er kalla TAFJORDFJELLA - ROMSDALS-

FJELLA.

Sør i fylket ligg det siste av dei prioriterte store naturområda i nasjonalparkutredninga, GEIRANGER - HERDALS-OMRÅDET. Sentralt i dette området ligg Sunnylvsfjorden/Geirangerfjorden. Topografien er svært dramatisk. Friluftsin-teressene i dette området er av mer spesiell og regional karakter enn i de andre store verneområdene.

I tillegg til disse store naturområdene er det i fylket en rekke mellomstore og mindre områder som er av stor verdi som turområder.

Tabell 1. Oversikt over viktige turområde etter Handlingsprogram for friluftslivet.

NR	NAMN	KOMMUNE
A1.	Trollheimen	Surn. Rind. Sunnd.
A2.	Eikesdal - Aursjøområdet	Rauma Nesset Sunn.
A3.	Tafjordfjella - Romsdalsfjella	Norddal Rauma
B1.	Kjellstadli	Stranda
B2.	Austefjordfjella	Volda
B3.	Vanylvsfjella	Vanylven Volda
B4.	Børevatnet - Sandviksvatnet	Vanylven Sande
B5.	Hovdevatnet	Ørsta
B6.	Krøvelseidet - Reset	Ørsta Volda
B7.	Bondalseidet	Ørsta
B8.	Ørstahalvøya	Ørsta
B9.	Leikongeidet	Sande Herøy
B10.	Hareidslandet	Hareid Ulstein
B11.	Godøyfjellet	Giske
B12.	Sulafjellet	Sula
B13.	Lahella	Sula
B14.	Dragsundet	Skodje
B15.	Vatnevatnet	Haram
B16.	Dryna	Midsund
B17.	Bløkallen	Midsund
B18.	Oterøyfjella	Midsund
B19.	Vatnedalen	Skodje Vestnes
B20.	Ørskogfjellet - Vaksvikfjellet	Ørskog Vestnes
B21.	Ramstaddalen	Stordal
B22.	Strandafjellet - Sykkylvsfjellet	Stranda Sykkylven
B23.	Liabygda	Stranda Stordal
B24.	Langsæter-/Tresfjord-/Måndalsfjella	Stord. Vestn. Rauma
B25.	Fjellområda Holmen - Vistdal	Rauma Nesset
B26.	Moldeheia	Molde Fræna Aukra
B27.	Gjendemsfjellet	Fræna
B28.	Skaret - Skalten - Raudtuva	Fræna
B29.	Trollkyrkja - Talstadhesten	Fræna Eide
B30.	Stemshesten - Mælen	Fræna Eide
B31.	Skaret - Raudheia	Molde Fræna Gjemnes
B32.	Fursetfjellet - Osmarka	Molde Gjemnes
B33.	Fosterlågen - Gussiås - Angvikfjellet	Gjemnes Nesset
B34.	Prestneset	Nesset
B35.	Åsprong - Ålvundeid	Tingvoll Sunndal
B36.	Neshalvøya	Sunndal

NR	NAMN	KOMMUNE
B37.	Gylfjella - Skarven - Torjulvågen	Tingvoll
B38.	Indre delar av Frei	Frei
B39.	Straumsnesfjella	Tingvoll
B40.	Knubben - Skarven	Tustna
B41.	Valsøyområdet	Halsa
B42.	Fjellområda rundt Valsøyfjord	Halsa Surnadal
B43.	Nordmarka	Surnadal Rindal
B44.	Steingeita - Ågardfjellet	Aure
B45.	Knarrbukta	Halsa

Strandlinja i Møre og Romsdal er 4177 km lang. Dei finaste badeplassane i fylket finn ein i hovudsak i ytre strøk. Her er imidlertid klimaet slik at desse plassane berre i korte tidsrom er egna til badeliv. I indre strøk er tilbodet på badeplassar därlegare. Fjordsidane er ofte bratte, og der ein finn strandflater er desse ofte nytta til jordbruksformål. På elveøyrene har det vore mange fine badeplassar, men denne naturtypen har vore utsett for utbyggingstiltak i stor stil dei seinare åra, noko som har gått sterkt utover naturvern- og friluftsinteresene. I vedlegga er det lista opp nærmere 60 badeplassar av regional verdi. Mange av desse er eller vil bli sikra gjennom offentlege oppkjøp ved gjennomføring av Handlingsprogrammet.

Handlingsprogram for friluftslivet tok til å gjelde fra 1982. I Fleire område er på ulike vis også sikra før 1982. Nokre av desse er sikra utan tilskott fra staten, og utan oppmåling av storleiken på sikringsareal. Det er slik vanskeleg å gi ei fullstendig oversikt over alle område i fylket som er sikra til friluftsformål. Fleire av dei viktigaste friluftsområda i fylket er av ein slik storleik at sikring gjennom kjøp er mindre aktuelt. Tabell 4.2 nedanfor viser dei viktigaste og største friluftsområda som er sikra av stat og kommunar. Lista gir berre ei grov oversikt, og inneholder ikkje innløysingsareal som til dømes er nytta til parkeringsplassar. Innløysing og opparbeiding av parkeringsplassar i tilknytting til natur- og friluftsområde har krevd store investeringar i høve til andre budsjettpostar på natur- og friluftssektoren.

Tabell 2. Innløyste friluftsområde sikra av stat og kommunar

KOMMUNE	NAMN	AREAL	FUNKSJON
Molde	Julneset	270	Utfart, badeplass
Molde	Kringstadbukta	40	Badeplass
Molde	Moldemarka	9000	Turområde
Kr.sund	Bautahaugen	50	Utfart
Kr.sund	Folkeparken	70	Utfart
Kr.sund	Lissand/Varden	600	Badeplass, utfart
Kr.sund	Skjerva	90	Badeplass
Kr.sund	Kolvikbukta	450	Badeplass, utfart
Kr.sund	Kariholia	100	Utfart
Kr.sund	Byskogen	60	Turområde
Kr.sund	Brunsvika/Silkeputene	30	Badeplass, utfart
Ålesund	Spjelkavikelva	38	Turområde
Ålesund	Svinøya	150	Badeplass, utfart
Ålesund	Vollstadberga	88	Badeplass, båtfart
Ålesund	Borgundgavlen	400	Turområde

KOMMUNE	NAMN	AREAL	FUNKSJON
Ålesund	Slinningen	20	Badeplass
Ålesund	Tueneset	350	Utfart
Ålesund	Bogneset	40	Utfart
Ålesund	Hatleåsen/Åsemulen	800	Utfart, turområde
Ålesund	Emblemsanden	60	Badeplass
Ålesund	Aksla	1200	Utfart
Herøy	Herøy Gard	90	Badeplass, utfart
Herøy	Toftestøa	60	Badeplass
Ulstein	Osnessanden	20	Badeplass
Ulstein	Kjerringneset	38	Utfart
Ulstein	Dimnasundet	20	Utfart
Hareid	Overåsanden	100	Badeplass
Hareid	Nessetelva	100	Utfart
Ørsta	Hovdevatnet	6	Badeplass, utfart
Ørsta	Oskardelva	15	Utfart
Ørsta	Notaplassen	20	Badeplass
Ørskog	Skråvika	10	Badeplass
Stranda	Helsemvika	9	Badeplass
Stranda	Ringstadhaugane	15	Utfart
Stranda	Hevdalen	575	Utfart
Stranda	Flydalsjuvet	12	Utfart
Sykkylven	Haugsneset	50	Badeplass, utfart
Skodje	Mauren	300	Badeplass, utfart
Sula	Bolvika	10	Badeplass
Haram	Synnalandsdalen	15	Utfart
Vestnes	Tomrefjorden	25	Badeplass
Vestnes	Helland	3	Badeplass
Vestnes	Leirvågen	146	Badeplass, utfart
Rauma	Åndalsnes badeplass	30	Badeplass
Rauma	Kolmannsneset	55	Badeplass, utfart
Nesset	Rødvika	10	Badeplass
Midsund	Sandane	20	Badeplass, utfart
Aukra	Kobbevika/Saltrøa	100	Badeplass, utfart
Aukra	Småge	370	Badeplass, utfart
Eide	Gråskjæra	33	Badeplass
Averøy	Omfarøya	40	Badeplass
Averøy	Orøya	275	Badeplass, utfart
Frei	Gyltneset	3000	Badeplass, utfart
Frei	Rensvikvatnet	20	Badeplass, utfart
Tingvoll	Brevikstranda	15	Badeplass (leige)
Tingvoll	Årsundøya	156	Badeplass, båtutfart
Sunndal	Fuglevågen	66	Badeplass
Surnadal	Glærum	20	Badeplass (leige)
Rindal	Igletjønna	200	Badeplass, utfart
Halsa	Knarrbukta	60	Badeplass (und.beh.)
Tustna	Røssvatnet	70	Badeplass, utfart
Smøla	Kvistvågen	20	Utfart

Hytter

Generalplanane i fylket gir ei viss oversikt over omfanget av hytter i fylket, men det er vanskeleg å få sikre tal både når det gjeld eksisterande hytter og omfanget av nybyggi. Tidlegare prognosar i samband med fylkesplanutarbeiding opererer med ein hyttefrekvens i 1990 på 1 hytte pr. 15 innbyggjarar. Dette skulle tilseie 16 000 hytter alt i 1990. Dei siste åra har det vorte bygt knapt 300 hytter i året i fylket. Vi rekner med at hyttebygginga vil halde seg på tilsvarende nivå i åra framover,

og da vil det i 1990 vere omlag 15 500 hytter i fylket. Situasjonen er no at det ligg føre godkjende planar fra fleire år tilbake der det framleis er ledige hyttetomter.

Fritidsbåtar

Møre og Romsdal har ein attraktiv og variert kystrør med omlag 11 000 øyar og ei kystlinje på meir enn 4 000 km. Kystområda blir i hovudsak nytta av folk fra fylket, men i sommarsesongen kjem tilreisande fra mange land. Turistane søker i særleg grad til dei yste delane av kysten som Runde, Nordøyane og Grip.

Talet på registrerte fritidsbåtar har auka sterkt i 1970-åra, fra 5 192 i 1970 til 17 422 i 1982 og til 20 311 i 1986. I tillegg til registreringspliktige båtar kjem robåtar og endel segbåtar slik at det samla talet på fritidsbåtar truleg er nærmere 30 000.

Den store auken i talet på fritidsbåtar stiller nye krav når det gjeld serviceanlegg, hamner, drivstofftilgang og avfallsmottak. Endel offentlege tiltak kjem indirekte til nytte for båtfolket som t.d. offentleg renovasjon ved ferjekaiar og offentlege hamner. Toalett på desse stadene kan også kome båtfolket tilgode ved sidan av andre reisande. I privat regi er det utbygd ein del service- og drivstoffanlegg. Småbåtforeningar står for hamneutbygging og organisering av drifta av desse i nokre kommunar. Ein stor del av dei offentlege hamnene i fylket er teken i bruk til fritidsformål.

Frivillige organisasjoner

Av frivillige organisasjoner som arbeider innan friluftssektoren er utvilsamt turistforeningene dei viktigaste. I Møre og Romsdal er det tre turistforeninger, Kristiansund og Nordmøre Turistforening (KNT), Molde og Romsdal Turistforening (MRT) og Alesund og Sunnmøre Turistforening (AST). Bygging og drift av turisthytter i sentrale fjellstrøk, merking og opparbeiding av turistløyper, arrangering av fellesturar og informasjonsarbeid er dei viktigaste arbeidsoppgavene.

Dese tre turistforeningane eig 21 turisthytter i fylket. I tillegg kjem to hytter som andre turistforeninger eig og fleire kvarter der foreningane har avtalar som gir fotturistane høve til overnatting og mat. Den samla sengekapasiteten blir da på over 500 plassar, og foreningane registrerte i 1984 mellom 10 000 og 11 000 overnattingar på hyttene.

Varding og merking av turistløyper er eit stort arbeid som turistforeningane driv. Endel opparbeidingstiltak som skilting og kloppbygging må og til. Samla løypenett som er merka og halden vedlike av turistforeningane i Møre og Romsdal er omlag 1 700 km.

Møre og Romsdal Fylkeslag av Norges Jeger- og Fiskerforbund har 19 lokallag med tilsaman omlag 2000 medlemmar. Forbundet organiserer jegerar og fiskarar og driv eit utstrakt informasjons- og kultiveringsarbeid.

Oppsummering

Tilgangen på friluftsområde er god i Møre og Romsdal, særleg når det gjeld større og mindre turområder. Mange vegar har dei siste åra åpna for lett tilkomst til nye attraktive område. Utviklinga har no kome så langt at vegbygging er i ferd med å bli eit stort problem for friluftsinteressene. Det gjeld både bygging av nye bilvegar som t.d. planane om ein turistveg til Trolltindane og alle dei mindre skogs- og anleggsvogane som reduserer storleiken på dei urørte naturområda kvart år. Vannkraftutbygging og kraftlinjebygging er og vil nok enno nokre år også være naturinngrep som dels har stor negativ verknad for friluftslivet.

Ein type friluftsareal det er knapt om i fylket er gode badeplassar. Dette er ofte område som også er svært attraktive til utbyggingsformål, og mange fine badeplassar har vorte nedbygd eller fått redusert kvalitet som utfartsområde dei seinare åra.

I og nær tettstadene i fylket er det mange nærfartsområde av stor verdi for dei busette der. Også dette er område som er utsatt for eit stort utbyggingspress.

Småbåtflåten i fylket er stor. I mange kommunar er det av stor viktighet å få bygd småbåthamner, serviceanlegg og ilandstigningsstader.

6. HANDLINGSPROGRAM FOR FRILUFTSLIVET FOR MØRE OG ROMSDAL

6.1 FORUTSETNINGER FOR PRIORITERING OG KOSTNADSRAMMER

Møre og Romsdal fikk etter måten store statlege tilskot til natur- og friluftsformål på 1970-talet. Med desse tilskotsrammene som utgangspunkt vart første utgaven av handlingsprogrammet ferdig i 1982. Dei siste 4 åra har vist at ambisjonsnivået var for høgt. Det er eit stort etterslep på ikkje gjenomførde prosjekt. Når ein no kjem med eit revidert handlingsprogram, har ein derfor ikkje funne plass til mange nye prosjekt. Nokre prosjekt er etter ønske fra kommunane blitt bytta ut med andre, og nokre er blitt uaktuelle. I det store held ein likevel fast på prioriteringa fra den forrige utgaven. For å illustrere dette er forholdet mellom budsjetterte midler i handlingsprogrammet, omsøkte midler fra kommunane og tildelte midler fra Miljøverndepartementet vist i tabell 3 og 5.

**Tabell 3. OVERSIKT OVER HANDLINGSPROGRAM FOR FRILUFTSLIVET,
REGIONALE OMRÅDE, TUSEN KRONER**

	1984	1985
HANLINGSPROGRAMMET:		
PLANLEGGING:	-	20
SIKRING:	700	320
OPPARBEIDING:	1 125	1 260
SUM	1 825	1 600
SØKNADER FREMMA AV KOMMUNANE:		
PLANLEGGING:	-	120
SIKRING:	700	705
OPPARBEIDING:	4 435	7 169
SUM	5 135	7 994
TILSTÅTT AV MILJØVERNDEPARTEMENTET:		
PLANLEGGING:	-	-
SIKRING:	700	240
OPPARBEIDING:	445	315
SUM	1 145	555

Tabell 4.

OVERSIKT OVER FRAMDRIFTA I HANDLINGSPROGRAM FOR
FRILUFTSLIVET, REGIONALE OMRÅDE. ANTALL PROSJEKT.

ÅR	GJENNOMFØRT	GJENSTÅANDE	SUM
1982	8	4	12
1983	3	9	12
1984	2	9	11
1985	2	9	11
SUM	15	31	46

Tabell 5.

OVERSIKT OVER HANDLINGSPROGRAM FOR FRILUFTSLIVET,
LOKALE OMRÅDE, TUSEN KRONER

		1984	1985
HANDLINGSPROGRAMMET:	PLANLEGGING:	200	-
SIKRING:	520	380	
OPPARBEIDING:	244	444	
SUM	964	824	
SØKNADER FREMMA AV KOMMUNANE:	PLANLEGGING:	842	735
SIKRING:	2 716	1 451	
OPPARBEIDING:	2 365	3 686	
SUM	5 923	5 872	
TILSTÅTT AV MILJØVERNDEPARTEMENTET:	PLANLEGGING:	105	105
SIKRING:	355	140	
OPPARBEIDING:	90	90	
SUM	550	335	

Tabell 6.

OVERSIKT OVER FRAMDRIFTA I HANDLINGSPROGRAM FOR
FRILUFTSLIVET, LOKALE OMRÅDER. ANTALL PROSJEKT.

ÅR	GJENNOMFØRT	GJENSTÅANDE	SUM
1982	3	9	12
1983	3	15	18
1984	6	11	17
1985	2	15	17
SUM	14	50	64

Ved utarbeidingsa av det detaljerte handlingsprogrammet er det lagt følgjande føresetnader til grunn:

Da berre få kommunar har gjort detaljerte kostnadssvurderingar for "sine" prosjekt, er dei fleste kostnadstala for omtrentlege å rekne.

Dei samla kostnadsrammene for kvart år er berekna ut fra tildelingane fra Miljøverndepartementet dei siste åra. Det er ikkje rekna med noko reell auke i overføringane.

Kommunane må sjølv ta initiativ og drive fram dei ulike prosjekta. Utan eit godt samarbeid mellom kommunane og Miljøvernavdelinga er det vanskeleg å gjennomføre handlingsprogrammet.

Det er berre til område som er varig sikra det kan løvvast midler til opparbeiding av.

6.2 HANDLINGSPROGRAM FOR FRILUFTSLIVET

1987 - 1996

HANLINGSPROGRAM FOR FRILUFTSLIVET I MØRE OG ROMSDAL**REGIONALE OMRADE****1987 - 1996**

KOMMUNE	OMRÅDE	NR	FUNKSJON	TILTAK	KOSTNAD
---------	--------	----	----------	--------	---------

1987

FRÆNA	LANGVATNET	48.2	BAD	SIKRING	300 000
FRÆNA	FARSTAOSANDEN	48.4	BADEPLASS	SIKRING	20 000
GJEMNES/MOLDE	OSMARKA	57.2	TUROMRÅDE	SIKRING	100 000
SURNADAL	KARVATN	66.2	TUROMRÅDE	SIKRING	10 000
					430 000

VOLDÅ	GRØNDALEN	19.2	TUROMRÅDE	PLANLEGGING	60 000
ØRSTA	HØDEVATNET	20.1	BAD UTFART	OPPARBEIDING	35 000
NORDDAL	TROLLSTIGEN	24.2	TUOMRÅDE	PLANLEGGING	30 000
STORDAL	LANGSÆTRA/OVERØYE		TUOMRÅDE	PARKERING	85 000
